

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 06.10.2021

Alexander Fosse Andersen (Sp) sette på vegner av A, H, MDG, Sp, SV, Krf fram slikt forsalg:

«Alternativ: punkt 1:

Hovudutval for opplæring og kompetanse ber fylkesdirektøren setje i gang arbeid med målbruksplan for Vestland fylkeskommune. I samband med dette arbeidet ber hovudutvalet om at det vert gjennomført vidare kartlegging av korleis elevar og tilsette møter nynorsk i skulekvardagen.

Alternativ: punkt 2:

Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om at målbruksplanen inneholder retningslinjer og tiltak for å oppfylle opplæringslova §9-4, som gir elevar og lærlingar same retten til lærebøker og læremiddel på nynorsk som på bokmål. Hovudutvalet meiner dette også må omfatte digitale læremiddel og læringsressursar.

Tillegg: Nytt punkt 4:

Hovudutval for opplæring og kompetanse ber fylkesdirektøren syte for at tilsette, elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune har tilgang på kontorstøttesystem på nynorsk.»

Avrøysting

Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Avdelingsdirektøren sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Avdelingsdirektøren sitt forslag punkt 1 og 2 vart ikkje røysta over.

Vedtak

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber fylkesdirektøren setje i gang arbeid med målbruksplan for Vestland fylkeskommune. I samband med dette arbeidet ber hovudutvalet om at det vert gjennomført vidare kartlegging av korleis elevar og tilsette møter nynorsk i skulekvardagen.

2. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber om at målbruksplanen inneholder retningslinjer og tiltak for å oppfylle opplæringslova §9-4, som gir elevar og lærlingar same retten til lærebøker og læremiddel på nynorsk som på bokmål. Hovudutvalet meiner dette også må omfatte digitale læremiddel og læringsressursar.

3. Hovudutval for opplæring og kompetanse tilrår at kurs i nynorsk jamleg blir tilbydd tilsette ved dei vidaregåande skulane og rettleiingstenestene

4. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber fylkesdirektøren syte for at tilsette, elevar og lærlingar i Vestland fylkeskommune har tilgang på kontorstøttesystem på nynorsk.»